

Knarvik, 07. 10. 2020

Til Klima og Miljødepartementet

Innspel til nytt globalt rammeverk for natur under konvensjonen om biologisk mangfald

Vi vil innleiingsvis takke for høve til å gje innspel til revideringa av den globale naturavtalen. I møtet 28. september var det Jarle Skeidsvoll, leiar av styringsgruppa for Nordhordland UNESCO biosfære som presenterte vårt innspel.

Nordhordland vart utnemnd til UNESCO biosfæreområde i 2019, det første i Noreg. UNESCO sitt biosfæreprogram, *Man and the Biosphere* (MAB-Programmet), er sentralt i FN sitt arbeid for eit meir berekraftig samfunn. Det omfattar i dag 701 utnemnde biosfæreområde verda over som skal fungere som modellområde for berekraftig utvikling.

Fleire rapportar, både nasjonale og internasjonale peikar på at det går ikkje rette vegen for naturen vår. I Norge er ingen av dei 20 Aichi- måla (2010 – 2020) nådd – noko som diverre er gjengs verda over. Dette er ein negativ trend vi må snu. Vi ønskjer at Norge skal bli ein leiestjerne, at vi skal vere ein proaktiv og ansvarleg nasjon som tek dei riktige grep for å ivareta naturen vår og det biologiske mangfaldet. Våre innspel til den nye globale naturavtalen er knytt til tre viktige element som vil bidra til å sikre naturmangfald og snu den negative utviklinga vi er i.

1. Formidle kunnskap om natur og naturverdi

Ein av grunnpilarane i UNESCO sitt MAB-program er å bringe menneska og naturen nærare kvarandre. Ei viktig oppgåve i dette er å formidle kunnskap gjennom å gjere kunnskap *tilgjengeleg* og ikkje minst, gjere kunnskapen *forståeleg* for ulike målgrupper. Det finst mykje forskning på natur i verda og vi veit mykje om forvaltning av natur, samla sett. Men natur skjer lokalt, i nærmiljøet! Den lokale, stadbundne kunnskapen om naturen som dei lokalkjende kjenner godt til gjennom generasjonar må også vere ein del av kunnskapsbiletet. Vi meiner den rette staden for å nå dei nye måla som skal settast i ny naturavtale, å begynne nær befolkninga – i kvardagsnaturen. Kva kunnskap kan vi hente der frå naturen sin eigen lærebok – i møtet med den og menneska? Kva betyr kvardagsnaturen for oss, kva kvalitetar gjev den oss? Jo meir vi forstår, jo meir kunnskap vi har om naturen desto betre val kan vi gjere på naturen sine vegne.

Meir målretta fokus på å gjere kunnskap både tilgjengeleg og forståeleg om natur og naturverdiar, nær befolkninga, må vektleggjast i det vidare arbeidet.

2. Sikre kunnskapsbaserte handlingar

Ein anna viktig grunnpilar i biosfæreprogrammet er kunnskap og forskning. Vi ønskjer ei kunnskapsbasert berekraftig utvikling. SDG17 visar veg og biosfære-berekraftsmåla 6, 13, 14 og 15 utgjør sjølve fundamentet for å nå dei andre måla. Naturen er sjølve grunnlaget for liv, helse og

samfunn. Naturen må ikkje handsamast som ein særinteresse som kan veljast vekk. Det er no eit aukande, lokalt engasjement for natur og naturverdiar. I omdiskuterte inngrep i naturen ønskjer vi å stole på at vala som vert tatt er på naturen sine premiss og er tufta på kunnskap. I mange tilfelle er det sånn at kunnskapen om kvardagsnaturen ikkje finst – det er berre trua natur og verdifulle naturtypar som vert kartlagt. Lokalbefolkning opplev gong på gong at det ikkje er kunnskap som avgjer lagnaden for naturen i nærområdet sitt, men andre interesser som pressar på. Vi må ha meir lokal kunnskapsutvikling for å kunne ta gode, kunnskapsbaserte val og for å kunne utføre gode, kunnskapsbaserte handlingar. Vi må leggje til rette for meir relevant forskning til bruk for naturforvaltarane. Kommunane som næraste forvaltar må få styrka kapasitet og kompetanse for å redusere naturtap.

Vi treng ein meir heilskapleg, kunnskapsbasert og berekraftig forvalting av naturen.

3. Berekraftig arealbruk

Vi treng ei berekraftig, tverrsektoriell arealforvaltning som er kunnskapsbasert og ivaretek biologisk mangfald. Det må ikkje vere slik at det er naturen som skal tape i interessekonfliktar. Vi må skape ein arealnøytral klode og finne avbøtande tiltak der naturen har måtte vike. Dei gode eksempla på dette må vi skape her heime og i det lokale engasjementet. Norge har føresetnader for å bli eit arealnøytralt land – at vi legg til rette for eit netto null tap av natur ved å restaurere eller gjenbruke / fortette allereie utbygde areal, framfor å bygge ut meir natur. Vi treng meir kunnskap ut i kommunane på dette feltet. Biosfæreområdet ønskjer no, som partner til UNESCO-Chair ved Universitetet i Bergen, å bidra til meir kunnskap og konkrete tiltak for berekraftig arealbruk. *Naturen treng at det vert innført arealrekneskap og arealnøytrale kommunar i Norge.*

I det globale arbeidet for å sikre naturen og naturmangfaldet vil vi peike på at UNESCO sitt MAB-program står sentralt. 701 modellområder for berekraftig utvikling rundt om i verda arbeidar alle etter MAB-programmet sin 'Lima Action Plan' og 'Strategi for biodiversitet'. Alle ut frå sine stadbundne eigenskapar og kvalitetar. Biosfæreområda vil gå føre med sitt motto for MAB-programmet : **«Inspire a positive future by connecting people and nature today»** - eit motto som er for oss alle å jobbe for, bli inspirert av og som nok vil vere sjølve nøkkelen for å mobilisere for naturmangfaldet.

Lukke til med forhandlingane til å få ein ny, forpliktande og inspirerande global naturavtale på plass.

Beste helsing
Kari Evensen Natland

Prosjektleder for Nordhordland UNESCO Biosfæreområde
Nordhordland Utviklingsselskap IKS
+47 48 07 09 72
kari@nordhordland.net
www.nordhordlandbiosphere.no
www.regionnordhordland.no